

SAK 51/17 FILM; FJORD, FJELL OG VIDDE

Saksopplysning

Det er eit uttalt nasjonalt mål for Norge at det skal leggjast til rette for auka verdiskapning, basert på å få fleire internasjonale film- og serieproduksjonar lagt til Norge. Utgangspunktet og den viktigaste sceniske ressursen er vår natur og vår utmark. Frå 1.1.2016 vart det i Norge innført ei filminsensivordning. Føremålet er med ordninga er å få fleire film- og serieproduksjonar lagt til Norge. For 2017 er det sett av 56 mill. kroner til ordninga. Ordninga kan gje tilskot på opptil 25 % av godkjente kostnader til internasjonale filmar og seriar, som er heilt eller delvis spelt inn i Norge.

Kvart år blir det produsert omlag 7000 filmar i verda, dette er ein marknad i vekst som omset for 700 mrd kroner pr. år. Filmindustrien blir stadig meir fleirnasjonal i sin produksjons- og finansieringsform. Ein større filmproduksjon kan gjerne ha budsjetter på 1 til 3 mrd kroner, og kan legge innspelning og produksjonsoppdrag i eit titals destinasjonar og land.

For å bygge bru mellom filmprosjekt og regionar er det i dag over 500 filmkommisjonar i verden. Dei fungera som det fyrste kontaktpunktet, og bidreg med informasjon om lokasjonar, finansiering, logistikk og lokale arbeidsforhold.

Med m.a. dette som utgangspunkt har det vokse fram ein ide om å utvikle Hallingdal som aktuelle innspelingsstadar for internasjonale film- og tv-produksjonar. Områda blir her vurdert som svært interessante med bakgrunn i sitt landskap og natur. Som ein sterk reiselivsregion vil dette kunne gje store meirverdiar. Samstundes blir Hallingdal som region vurdert som for liten aleine.

I sak 12/17, 31.3.2017 drøfta Regionrådet for Hallingdal «Film i fjell».

Målet er kort fortalt å leggje til rette og marknadsføra Hallingdal/Valdres som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Det vart gjennomført videomøte med Hallgrim Haug, som idemakar, regissør og filmfotograf, halling men no med bustad LA.

Ut frå møte vart det bestemt at det skal utarbeidast ein prosjektsøknad med intensjon om eit felles prosjekt Hallingdal og Valdres.

Etter diverse sonderingar er Valdres som region mindre aktuell som samarbeidspart ut frå Oppland si deltaking i Østnorsk filmsenter. Hallingdal som innspelingsstad er vurdert som for liten og det er sett på andre aktuelle samarbeidspartar. I denne samanheng er Hardanger vurdert som ein naturleg samarbeidspart. I Hardangerrådet sitt [møte 19.10.2017](#) vart Hallingdal sine idear presentert om eit samarbeid Hallingdal-Hardanger.

Det vart bestemt at Regionrådet for Hallingdal utarbeidar prosjektskisse (vedlagt) for Filmlocationsamarbeid Hallingdal-Hardanger. Sak om mogeleg samarbeid skal leggast fram for handsaming i Hardangerrådet 14.12.2017.

Vedlagt prosjektskisse gjev ei nærare skildring av tiltaket.

Vurdering

Målet med tiltaket er å auke talet på filminnspelningar i Hallingdal og Hardanger og bidra til at regionane får auka verdiskapning og arbeidsplassar reiseliv, bygg/anlegg, tenesteytande næring og innan kreative næringar. Målet vil og vera å dra nytte av den statlege insensivordninga for filmproduksjonar.

Det er ingen tvil om at Norge er attraktiv for internasjonale film- og serieproduksjonar. Det syner seg at denne næringa kan gje svært store ringverknadar, der tilrettelegging og profesjonalitet er avgjerande for å lykkast. Det er ingen tvil om at Hallingdal –Hardanger har

naturgjevne føresetnadar, i tillegg ein næringsstruktur som vil kunne nyttiggjera seg ringverknadar.

Etter dagleg leiar sitt syn er det ingen grunn til at Hallingdal ikkje skal lykkast som aktuell filmlokasjon. Føresetnadane er m.a. vilje til å legge til rette, skapa eit engasjement og ikkje minst ha ressurspersonar i eit noko spesielt næringssegment.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 400.000 til Film Fjord, Fjell og Vidde, som eit samarbeid mellom Hallingdal og Hardanger, for å legge til rette og marknadsføre desse regionane som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar.
2. Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.
3. Regionrådet for Hallingdal skal handsame endeleg prosjektplan før igangsetting av prosjektet.

Ål 8.12.2017

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Prosjektskisse fil Fjord, Fjell og Vidde (filmlocationnorway)

FILM FJORD, FJELL OG VIDDE (filmlocationnorway)

Bakgrunn

Det er eit uttalt nasjonalt mål for Norge at det skal leggjast til rette for auka verdiskapning, basert på å få fleire internasjonale film- og serieproduksjonar lagt til Norge. Utgangspunktet og den viktigaste sceniske ressursen er vår natur og vår utmark. Frå 1.1.2016 vart det i Norge innført ei filmsentivordning. Føremålet er med ordninga er å få fleire film- og serieproduksjonar lagt til Norge. For 2017 er det sett av 56 mill. kroner til ordninga. Ordninga kan gje tilskot på opptil 25 % av godkjente kostnader til internasjonale filmar og seriar, som er heilt eller delvis spelt inn i Norge.


Kvart år blir det produsert omlag 7000 filmar i verda, dette er ein marknad i vekst som omset for 700 mrd kroner pr. år. Filindustrien blir stadig meir fleirnasjonal i sin produksjons- og finansieringsform. Ein større filmproduksjon kan gjerne ha budsjetter på 1 til 3 mrd kroner, og kan legge innspeling og produksjonsoppdrag i eit titals destinasjonar og land.

For å bygge bru mellom filmprosjekt og regionar er det i dag over 500 filmkommisjonar i verden. Dei fungera som det fyrste kontaktpunktet, og bidreg med informasjon om lokasjonar, finansiering, logistikk og lokale arbeidsforhold.

Med m.a. dette som utgangspunkt har det vokse fram ein ide om å utvikle Hallingdal og Hardanger som aktuelle innspelingsstadar for internasjonale film- og tv-produksjonar. Områda blir her vurdert som svært interessante med bakgrunn i sitt landskap og natur. Som sterke reiselivsregionar vil dette kunne gje store meirverdiar.

Prosjektbeskrivelse

Film Fjord, Fjell og Vidde er ein arbeidstittel på eit eventuelt samarbeid mellom Hallingdal og Hardanger for å legge til rette og marknadsføre desse regionane som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Desse regionane har frå naturen si side filmlokasjonar som kan syne seg å vera i verdsklasse.



Film Fjord, Fjell og Vidde skal i fyrste fase:

- Utvikle eigen nettstad
- Finne fram til aktuelle lokasjonar som skal presenterast med relevant informasjon og bilde på nettstad
- Etablere kontaktnett med relevante filmkommisjonar? Skapa internasjonale nettverk?
- Marknadsføre Hallingdal og Hardanger som attraktiv innspjelingsstad og marknadsføre regionale aktørar som kompetente produksjonspartnarar.
- Bygge opp tillit til produksjonskompetanse og gjennomføringsevne.
- Rådgje om lokasjonar og produksjonsforhold
- Arrangere synfaringsturar
- Etablere samarbeidsarenaer med næringslivet, som reiselivsnæringa, tenesteytande næring og bygg og anlegg.

Prosjekt mål

Målet med tiltaket er å auke talet på filminnspelningar i Hallingdal og Hardanger og bidra til at regionane får auka verdiskapning og arbeidsplasser reiseliv, bygg/anlegg, tenesteytande næring og innan kreative næringar. Målet vil og vera å dra nytte av den statlege insentivordninga for filmproduksjonar.

Film Fjord, Fjell og Vidde skal i samarbeid med m.a. reiselivsnæringa og Innovasjon Norge bidra til at filminnspelningar gjennomført i Hallingdal/Hardanger skapar merksemd om regionane som reisemål, og bidra til å skapa eit grunnlag for ein veksande filmturisme.

Prosjektorganisering

I fyrste fase blir Film Fjord og Fjell organisert som eit prosjekt, men med målsetting eit eige selskap.

Prosjektet skal ha prosjekteigar, prosjektansvarleg og eigen prosjektleiar. I tillegg skal det etablerast styringsgruppe/prosjektgruppe.

Samarbeidspartar

Følgjande samarbeidspartar er med i prosjektet:

Milepælar

Tid	Tema
Vinter 2018	Få på plass ein person til stillinga som filmkontakt.
2017-2018	Foto og video av lokasjonar blir ferdigstillt
2018	Produksjon av heimeside, godkjenning av innhald og design, lansering
2018	Lage "kartbok" for befaringssturar med interesserte produsentar
2018	Kontaktmøter potensielle samarbeidspartnarar, bygge nettverk
2018	Arrangere møte mellom dei aktuelle produsentane i Norge og oss
2018, 2019, 2020	Drift, møteverksemd med aktuelle produsentar, befaringssturar, konkrete prosjekt. Arbeide med støtteordningar
2019	Fyrste produksjon på plass

Økonomi

Kostnader

Aktivitet	2018	2019	2020	Sum
Foto, film aktuelle lokasjonar	150.000			150.000
Design web, nettside	40.000	30.000	30.000	100.000
Møteverksemd med aktuelle produsentar	100.000	100.000	100.000	300.000
"Kartbok" for befaringssturar	50.000			50.000
Prosjektleiar, filmkontakt	300.000	300.000	400.000	1.000.000
	640.000	430.000	530.000	1.600.000

Finansiering (forslag)

	År 1	År 2	År 3	Sum
Regionrådet for Hallingdal				400.000
Hardangerrådet				400.000
Reiselivsnæringa				400.000
Bankar				400.000
Innovasjon Norge??				400.000
Total sum				1.600.000